



Saman om utvikling og velferd

Overordna IKT-strategi for Stord kommune 2010-2012

Mål:

- Stord kommune brukar informasjonsteknologi aktivt og offensivt for å nå kommunen sine mål, i tråd med kommuneplan og økonomiplan.
- Stord kommune satsar medvite på informasjonsteknologi for å sikra kvalitet på tenestene sine og for å auka servicegraden overfor innbyggjarane

Innhald

Innhald	2
1. Kva er IKT ?.....	3
2. Budsjettering og Stord kommune si organisering av personell som jobbar med IKT	3
3. Bakgrunn	4
3.1. Historikk.....	4
3.2. No-situasjonen.....	4
4. IKT-strategi	10
4.1. Om IKT-stategien.....	10
4.2. Overordna mål for IKT-satsing i Stord kommune	10
5. Strategiar for å nå måla	12
6. Budsjettering, avskrivning og driftskostnader	15
7. Dokument som er lagt til grunn for arbeidet	16
8. Framtidsbilete.....	17

Vedlegg 1 – Tiltaksliste

Vedlegg 2 – Prioriterte tiltak i investeringsbudsjettet for 2010

Vedlegg 3 - Presentasjon som omtalar arbeidsmetoden eGevinst

1.Kva er IKT ?

IKT er forkortinga for *Informasjons og kommunikasjonsteknologi*. IKT mogleggjer elektronisk informasjonsutveksling og samhandling om oppgåveløysing ved hjelp av ulike elektroniske medium som handterer digital informasjon i form av tekst, bilete, lyd, video m.m.

Sett frå ein teknisk ståstad dreiar IKT seg om kompleks infrastruktur med ei rekke applikasjonar. Sentrale deler er datamaskinar, databasar, nettverk (Internett og intranett), protokollar og medium (telefonar, fjernsyn, elektronisk post, digitalt fjernsyn m.m.).

IKT er eit verktøy. IKT skal sørge for at kommunen sine tenestar vert effektive og med ønskja kvalitet. Dersom eit verksemdsområde ser mogleik for å effektivisere drifta ved å investere i IKT med påfølgjande IKT-relaterte driftskostnadar vil IKT-budsjettet auka, medan kommunen samla sett får lågare driftskostnadar. Låge kostnadar på IKT, isolert sett, er såleis ikkje alltid eit godt bilete av ein effektiv kommune.

Ved nye organisasjonstiltak vil IKT spela ei sentral rolle for å oppnå varige forbetringar av effektivitet.

2.Budsjettering og Stord kommune si organisering av personell som jobbar med IKT

Eit av dei punkta som kompliserar samanlikninga av Stord mot andre kommunar, er organiseringa av personar med særskilt ansvar og oppgåver innanfor enkelte fagområde.

Blant anna er det 1 årsverk på pleie og omsorg, 40% stilling som pedagogisk IKT-retteleiar, 1 årsverk som systemansvarleg for Agresso og 1 årsverk som driftsoperatør for skulane som ligg til IKT-eininga. Utgifter til desse personane kunne vert på andre einingar sine budsjett då oppgåvene som vert utført normalt ikkje vert lagt til ei IT-avdeling. Det er likevel gode argument for å organisera det slik det er i Stord (blant anna nærleik til fagmiljøet osv.).

I arbeidet med denne planen ønskjer me å synleggjera kostnadane, hensikta og ansvaret i høve einingane, og freista avklare organiseringa og budsjettspørsmålet.

3. Bakgrunn

Historikk

- Stord kommune utarbeidde i 2003 ein strategiplan for informasjonsteknologi for perioden 2004-2005. I denne planen vart det fokusert på fem hovudområde:
 1. Skule,
 2. Digital tilgong til demokratiet,
 3. Digital tilgong til kommunale tenester,
 4. Infrastruktur (breiband)
 5. Intern effektivitet.
- I 2007 vart den planen erstatta av IKT-strategi for 2007-2009. Planen du les i no er ei rullering av planen frå 2007.

No-situasjonen

Følgjande kapitel fortel litt om no-situasjonen i Stord kommune. Me kjem attende til ønska situasjon og kva tiltak ein bør setja inn for å nå ønska situasjon seinare i dokumentet.

Tenester på nett

Publiseringsverktøy:

I førre plan var publiseringsløysinga omtala som noko gamaldags og utdatert. Med det gamle systemet var det ikkje mogeleg å laga nettsider som kunne nyttast av alle (universell utforming). Stord kommune er pilotkommune i Universell Utforming og ynskjer difor å tilby nettsider som i størst mogeleg grad følgjer krava til tilgjenge. Publiseringsverktøya for kommunen sine heimesider vart i løpet av 2009 erstatta med nytt. Stord kommune har no eit moderne publiseringsssystem som må utviklast vidare. Det er eit uttalt mål at Stord kommune ynskjer å oppnå topp score (6 stjerner) på DIFI (Noreg.no) sin årlege kvalitetsvurdering av offentlege nettstader.

Effektiv administrasjon

Økonomistyringssystem:

I november 2007 oppgraderte kommunane Stord, Fitjar og Bømlo økonomistyringssystemet sitt: Agresso. Ny versjon av Agresso har forbetra mange funksjonar og legg til rette for desentralisert registrering og elektroniske arbeidsflytar.

Gjennom prosjektet "LØP - Enklare kvardag" har me til no fått på plass ny fakturalayout, integrasjon mot eigedom-, foretak- og folkeregister,

elektroniske reiserekningar, kompetanseregistrering og ein integrasjon mellom ePhorte og Agresso som forenkla tilsettingsprosessen. Det vert vidare arbeida med å få på plass ein elektronisk arbeidsflyt for rapportering av fråvær og oppfølging av sjukemeldte. Desse nye modulane vil vera med å forenkla løn, økonomi og personalrutinar for dei ulike einingane.

I kjølevatnet av oppgraderinga vart det oppretta ein 100% stilling som systemansvarleg for Agresso. Oppgåvene til systemansvarleg er å vera med å leggje til rette for at potensialet i Agresso vert utnytta i organisasjonane. I tillegg har systemansvarleg kontakt med programleverandør når det gjeld faglege problemstillingar, testing av nye modular, feilsøking og er ein støttespelar for superbrukarane. Resultatet så langt har vært svært positivt. Me har auka vår internkompetanse gjennom systemansvarleg og me er meir sjølvhjelpne. Det har resultert i at kommunane ha færre spørjingar mot ekstern brukarstøtte, og me hentar i mykje større grad ut potensialet i verktøyet vårt.

Brucarstøtte:

Jamt med den store veksten og auke i bruk av IKT, samt auke i tal brukarar, har også behovet for brukarstøtte vorte større. I 2008-2009 vart det investert i eit brukarstøttesystem for IKT. Dette systemet har letta arbeidet for IKT-eininga og like viktig; -gjort innmelding av IKT-relaterte saker enklare for brukarane. Systemet gjev også ein god dokumentasjon av tidsbruken på dei enkelte fagområda/ problemstillingane. Verktøyet kan også nyttast til bruk for automatisering av arbeidsprosessar/ arbeidsflyt som til dømes tilsetjing, innmelding og utmelding av brukarar m.m.

Vidare vil det vera teneleg å utvide bruken av verktøyet til å halde oversikt over inventar som datautstyr og programvare sitt livsløp. Verktøyet er også tiltenkt å nyttast til å følgje opp driftsavtalar.

Driftsverktøy:

For å komme i forkant i drifta av IT-systema (pro-aktiv drift), - og drive mindre "brannslukking" har ein i perioden 2007-2009 teke i bruk fleire smarte driftsverktøy: programvareløysing for brukarstøtte, inventar og lisensiering er noko av det, men like viktig har det vore å innføre driftsverktøy til kommunen sin infrastrukturen for elektronisk kommunikasjon og datamaskinar. Desse kostar noko i innkjøp, men gjev gevinst i form av meir effektiv og stabil drift.

Erfaringane våre så langt peikar på at vidare satsing på smarte driftsverktøy vil vera rett strategi. Som nemnt har Stord kommune sitt nettverk og serverpark ekspandert dei siste åra, og nettverket er vorte komplekst å drifte. Utan adekvate verktøy er det vanskeleg å ligge i

forkant i drifta slik at ein unngår uønska hendingar og driftsstans ("proaktiv drift").

For å kunne sikre effektivt og sikker drift vil det vera naudsynt å satse vidare på systemløyisingar for drift av nettverk, kommunikasjonsliner og serverpark framover.

Utstyr og drift:

På utstyrssida har kommunen arbeidsstasjonar som stort sett dekkar behovet, med unnatak i barnehagane. Rammeplanen for barnehagane seier at borna også skal nytta datamaskinar. Barnehagane har ikkje nok datamaskinar til dette enda.

Datamaskinar vert rekna til å ha ei nedskrivningstid på 4 år. Mykje av utstyret i Stord kommune er eldre enn dette, og må seiast å vera utdatert. Særskilt gjeld dette for lærarane som i dag slit med gamle datamaskinar.

Framover må ein rekne med å måtte skifte ein del datamaskinar. For å forenkle og effektivisere drifta av datamaskinar er det ein føresetnad at ein standardiserer maskinparken. Eit grep for å standardisere er å lease datamaskinar. Då får ein realisert alle maskinane ein treng samstundes og unngår innkjøp over tid som gjev ueinsarta datamaskinar.

Januar 2007 teikna ein leasing avtale på 950 elevmaskinar, og erfaringa frå dette er særst positiv.

Stord kommunen brukar driftsverktøyet ALTIRIS til drift av datamaskinar og serverpark. Dette har synt seg å vera effektivt ved at ein sparar mykje tid på installasjon og dagleg drift. Auken i talet på arbeidsstasjonar har satt krav til omstilling og nytenking på driftssida og utan ALTIRIS ville ein ikkje ha makta å drifte så stor maskinpark utan å måtte auke bemanninga.

Program for e-post, kontorstøttesystem m.m.:

I 2009 skifta Stord kommune epost og kalender-system. Det nye systemet er intuitivt og enklare både å bruke og drifte. Med integrasjon mot telefonsystemet vert fråversmeldingar alltid oppdatert. For å ta ut gevinst av dette verktøyet føresett det at alle tilsette med tilgang til epost og kalender nyttar systemet til møteinkallingar og avtalar.

Stord kommune har lisensavtale med Microsoft for kontorstøttesystemet Microsoft Office, samt alle underliggende lisensar som er naudsynt for drift av serverar, nettverk og operativsystem. Avtalen er ein 3-årig kjøpsavtale som gjev oss rett til nyaste versjon av programvara innafor avtaleperioden. Ein vil vurdere å halde fram med ein vedlikehaldsavtale av programvaren etter 3 år (2012).

Gjeldande kontorstøttesystem for administrasjon og skule er no Microsoft Office, og det har letta arbeidet at alle no jobbar i same type verktøy.

Administrasjon av brukarkontoar:

Ei anna utfordring er administrasjonen av brukarkontoar og tilgongar. Stord kommune manglar eit overordna system/ plattform for ei slik løysing , - noko som ytterlegare vil vera med å effektivisera drifta.

I dag opplever ein att data ofte vert dobbeltregistrert, noko som ikkje er særskilt effektivt.

Stord kommune må også (som alle andre kommunar og fylkeskommunar) innføre nasjonal standard for identitetsforvaltning i utdanningssektoren; FEIDE.

Kompetanse:

IKT-kompetanse er avgjerande for å lukkast med å ta ut gevinstar. Stord kommune brukar mange dataprogram og dataverktøy som vil gje oss større utbytte dersom ein aukar kompetanse i bruken av desse. Dette gjeld både generell IKT-kompetanse så vel som kompetanse knytt til spesifikke fagsystem.

Interkommunalt samarbeid:

Stord kommune har inngått interkommunalt samarbeid med andre kommunar på desse områda:

- Økonomisystemet Agresso: Bømlo og Fitjar kommune
- Sak/arkiv systemet Ephorte: Bømlo, Tysvær, Haugesund og Fitjar kommune
- Kompetanseheving: 14 andre kommunar i regionen
- Erfaringsutveksling: 14 andre kommunar i regionen
- Innkjøp: opptil 26 andre kommunar

Desse samarbeidsprosjekta har vore resultat av fagleg samarbeid, uformelt og ad-hoc IKT-leiarane i mellom.

I og med at kommunane har ulike behov, og syn på framdrift og kva som skal prioriterast, har det til dels vore lange prosessar før det har resultert i konkrete resultat.

Eit vidare framtidig interkommunalt samarbeid bør gjennomførast med forankring i toppleiinga, etter ein heilskapleg plan, og med klare effektmål for auga.

Helse

I helsesektoren har dei stort sett det utstyret og programma dei treng. Me ser likevel at mykje arbeid kan effektiviserast ved å ta i bruk elektronisk informasjonsutveksling mellom lege, sjukehus, heimebaserte tenester og spesialisthelsetenesta.

Heimebaserte tenester ventar på å få tilgong til å ta i bruk mobilt utstyr som gjer at personalet kan dokumentera, og henta fram informasjon når dei er ute i felten hjå brukaren.

I løpet av 2009 har Stord kommune fått på plass Notus Portal. Dette er eit påbygg av dagens verktøy (Notus Turnusplan) for føring av turnus og timelister i helsesektoren. Med den nye portalen vert ledige vakter automatisk publisert på eit nettområde. Her kan aktuelle vikarar "shoppe" aktuelle ledige vakter, når ein ledig vakt er plukka opp vert denne automatisk ført inn i turnussystemet og timelista til den aktuelle vikaren.

Skule

Berbare datamaskinar og trådlause nettverk

Det har dei siste åra vore ei frisk satsing på IKT-verktøy i skulen. Alle skulane har trådlause nettverk, og det vert leigd 950 berbare datamaskinar til elevane (4-årig leasingavtale inngått januar 2007). Alle lærarane har eigne berbare datamaskinar (sidan 2005) med passordkalkulator som gir dei tilgong til kommunen og skulen sitt nettverk og lagringssystem frå heimen, - eller frå kor som helst.

Datamaskinane til lærarane er no gamle og utslitne og det er naudsynt med nye. Det er då naturleg å vurdere leasing eller kjøp av nye. I budsjettet 2010 - 2012 er det lagt inn 3,5 mill til investering IKT i skulane.

Skulane har sjølv investert i projektorar og anna datatilbehør. Nokre har også investert i digitale klasseromtavlur (SmartBoard) og nyttar IKT i utstrakt grad.

Via dei trådlause nettverka tilbyr Stord kommune Internett til besøkande, studentar og andre som nyttar skulane. Dette er også eit tilbod som er tilgjengeleg for publikum i Rådhuset, SKE Heiane og Kulturhuset.

Program for skuleadministrasjon:

Det er satt ned eit prosjekt som jobbar med å greie ut nytt skuleadministrativt program. Fram til dette er på plass nyttar skulane WIS Skole.

Målet med prosjektet for nytt skuleadministrativt program er å frigjere tid brukt til administrasjon. Prosjektet går inn i hovudprosjektfasen i 2010, og det er forventa eit nytt skuleadministrativt program i løpet av denne planperioden (2010-2012).

Programvare for elevane:

Elevane i Stord kommune får eigen brukarkonto og konto til Class Fronter når dei startar på skulen. Desse kontoane brukar dei heile skulegongen.

Class Fronter er eit "elektronisk klasserom" - LMS (sjå framtidsbilete for skule for forklaring).

Alle datamaskinane til elevane er installert med nettlesar, teksthandsamar (Microsoft Office), rekneark, presentasjonsprogram, lydredigering og program for bilethandsaming.

Utover dette har me ikkje noko felles programvare for elevane. Det er ikkje satsa på såkalla "pedagogisk programvare". Det er heller bruken av programvara som er pedagogisk, -ikkje programvara i seg sjølv.

Skulane ønskjer seg ei løysing, gjerne med felles programvare, som mogleggjer installasjon av anna programvare enn den som følgjer med standardoppsettet på datamaskinane. Trenden for elektroniske læremiddel er at dei vert tilgjengelege på Internett, og ein bør difor undersøke løysingar for dette i staden for å kjøpe programvare som ein installerar på datamaskinane.

Alle skulane har utlånsprogram for skulebiblioteka (Mikromarc 2).

Kultur

Kulturhuset tilbyr kjøp av billetter via www.billettluke.no Publikum kan henta billettane dei kjøper via Internett i ein publikumsmaskin i vestibylen. Publikum etterlyser enklare tilgong til billetter. Til dømes å kunna kjøpa billetter via mobiltelefon.

Hausten 2009 fekk Stord kulturhus på plass nye nettsider og nytt billettsystem levert av Communic og DX. Publikum kan no kjøpe billetter via nettsidene til Kulturhuset og skriva ut billettane heime. Det er berre dersom ein har problem med utskrifta eller om ein ikkje har tilgang på skrivar at ein treng oppsøke billettsalet i Kulturhuset.

I heile Kulturhuset (inkludert biblioteket) er det bygd ut trådløst nettverk. Via dette nettverket tilbyr ein no Internett til publikum. Ved hjelp av eingongspassord via mobiltelefon (SMS) frå publikum tilgong til Internett. Dette er mykje nytta.

Breiband og kommunikasjon

Dei fleste kommunale bygg/ lokasjonar/ einingar er i dag knytt opp til fiberoptisk breiband. Stord kommune sin samarbeidsavtale med Sunnhordland Kraftlag om framføring av breiband står sentralt for vidare utbygging av breiband til alle kommunale lokasjonar.

4. IKT-strategi

4.1 Om IKT-strategien

Moderne informasjons- og kommunikasjonsteknologi representerer ein av dei viktigaste endringsfaktorane i samfunnsutviklinga, og er eit kraftfullt verkemiddel for omstilling, effektivisering og kvalitetsheving innafor både offentleg og privat sektor.

Kommunen forvaltar lover og rettar på mange område, yter tenester og er arena for lokal og regional politikk. Kommunen er såleis avhengig av IKT-verktøy, og kan også spela ei rolle i utviklinga av informasjons- og kunnskapssamfunnet.

Effektiv bruk av IKT kan i stor grad erstatte manuelle prosessar og rutinar og bidra til å frigjere ressursar til direkte tenesteytande verksemd.

KS sin visjon for eKommune 2012 er:

"Norske kommuner og fylkeskommuner skal være bland de fremste i verden på elektronisk innbyggerdialog, digitale tjenester og effektiv e-forvaltning."

Denne IKT-strategien er ein overordna plan som seier noko om korleis Stord kommune skal nytta IKT (informasjons- og kommunikasjonsteknologi) for best mogeleg å realisera måla i kommuneplanen og andre overordna planar. I noko utstrekning er også delmål og tiltak teke med i planen. Meir detaljar om dette føreset me vert utarbeida saman med aktuelle tenesteeiningar.

Finansiering av tiltaka må innarbeidast i budsjett og økonomiplan.

Tiltaka i planen skal gjennomførast i perioden 2010 – 2012. På grunn av rivande utvikling og raske teknologiskifte, er det ikkje å tilrå at planen gjeld lenger enn 2 år. KS sin IKT-strategi for kommune-Noreg gjeld fram til 2012, og det er naturleg om Stord kommune følgjer same planperiode.

4.2 Overordna mål for IKT-satsing i Stord kommune

1. Stord kommune brukar informasjonsteknologi aktivt og offensivt for å nå kommunen sine mål, i tråd med kommuneplan og økonomiplan.
2. Stord kommune satsar medvite på informasjonsteknologi for å sikra kvalitet på tenestene sine og for å auka servicegraden overfor innbyggjarane.

Effektmål

- ✓ Stord kommune har god kommunikasjon med andre offentlege organ
- ✓ Stord kommune er ein døgnopen kommune med stor fokus på service og tilgjenge for alle
- ✓ alle innbyggjarane har tilgang til kommunale tenester, uavhengig av tid og stad
- ✓ Stord kommune har eit effektivt samarbeid med næringslivet
- ✓ administrativt gjer Stord kommune dei rette "tinga", på rett måte, med rett verktøy

5. Strategiar for å nå måla

Når tiltaka skal gjennomførast følgjer me desse strategiane:

a) Systemansvar

Ved endring av arbeidsmåtar og innføring av større IKT-verktøy vil det løna seg å ha eigen systemansvarleg person for programmet/ verktøyet. Systemansvarleg spesialiserar seg i verktøyet og har som oppgåve å leggje til rette for at potensialet i programvara vert utnytta i organisasjonen.

Utan systemansvarleg tek innføringa lengre tid, og potensialet i verktøya vert ikkje alltid nytta. Det vert som ein bil utan sjåfør.

Ved planlegging og innføring av nye IKT-system må ein alltid vurdere om det er naudsynt med systemansvarleg for ein periode (prosjekt) eller for lengre tidsperspektiv.

b) Kompetanse

Midlar til opplæring i bruken av systema må budsjetterast som del av alle nye IKT prosjekt. Det skal også vera kontinuerleg tilbod om kurs til brukarane av systema som har behov for det.

c) Organisering av IKT-eininga

IKT-eininga har oppgåver både innafor strategisk planlegging, utvikling og drift. Denne organiseringa mogeleggjir tett dialog og god kommunikasjon mellom dei som planlegg nye prosjekt, og dei som skal implementere løysingane (driftspersonale og prosjektleiarane). Det er difor eit strategisk val at IKT-eininga er organisert som eit team med ein felles team-leiar.

d) Interkommunalt samarbeid

Stord kommune er med i eit omfattande interkommunalt innkjøpssamarbeid som ber frukter. Ein viktig del av IKT-strategien vil vera å samarbeida vidare på dette området.

Fleire kommunar på Haugalandet og i Sunnhordland samarbeider om ein "kommune-HUB". Funksjonen til denne er å gje kommunane tilgong til ulike tenester som Internett, Helsenettet og Skatteprogrammet. Kommunikasjonsutgifter og driftsutgifter blir på denne måten fordelt mellom alle kommunane som er med, i staden for at kvar kommune sit med heile kostnaden åleine.

e) Strategi for utskifting av maskin- og programvare

Når det er behov for å skifta ut gamle arbeidsstasjonar med nye bør leasing vurderast. Leasingavtale av like datamaskinar til administrasjon

og lærarar vil leggje til rette for ei meir effektiv drift. Jamfør erfaring me har gjort oss med drifta av 950 like berbare datamaskinar til elevane.

Når det gjeld programvare er det også viktig å laga ein standard programvare-pakke for ulike brukargrupper, for å halde driftsutgiftene så lave som mogleg.

f) Outsourcing

IKT-eininga vurderer alltid eksterne leverandørar i konkurranse med egne interne driftsressursar ved innkjøp av nye system.

Døme på områder kor me i dag har sett ut drift til eksterne leverandørar er: sak – og arkiv-systemet, skatterekneskap og kvalitetssystem.


g) Arbeidsmetodar ved innføring av IKT

Me brukar PLP som overordna metode og som rammeverk i alle prosjekt i Stord kommune.

h) eGevinst

I prosjekt som handlar om innføring/endringar ved hjelp av IKT, brukar me i tillegg eGevinst. Dette er ein metode og eit rammeverk utvikla av KS. Verktøyet hjelper oss til å synleggjere kostnader, gevinstar og driftsutgifter i forkant av alle investeringar som handlar om IKT.

Figuren viser dei ulike fasane frå behovet oppstår til drift.



i) Strategisk IKT-leiing

For å lykkast er det **avgjerande** at prosjekta er forankra hjå kommunen si leiing, samt i einingane sjølve. Det er ikkje mogleg å gjennomføre

endringar utan at alle berørte partar er motivert for å ta ut gevinstane. Det er viktig at einingane sjølve er pådrivarar for IKT-investeringar og at dei stiller nødvendige ressursar (personale) i prosjekta, og er med frå starten av. Dette sikrar me gjennom å bruke verktøya i eGevinst.


For utfyllande informasjon om e-gevinstmetoden syner me til vedlegg 3.

Gevinstane ved IKT-investeringar kan som regel ikkje takast ut før det er:

- Gjennomført organisasjonsendringar
- Kompetanseheving
- kulturendring

j) Endringsleiing og gevinstrealisering

- Gevinsten ved å ta i bruk IKT kan vera:
 - Økonomisk, kostnadseffektivitet
 - Bättre kvalitet på tenestene
 - Tenester som er etterspurt er tilgjengelig
- Det er viktig å plassera *ansvaret for å realisera gevinsten*, og ikkje ta ut den økonomiske gevinsten for tidleg ("spisa av såkornet").
- Det er berre når systema, personane og organisasjonen spelar saman at Stord kommune får gevinst av IKT investeringane. Ved bruk av IKT på nye områder, er det difor viktig at me har eit utviklingsperspektiv som vektlegg både personleg utvikling, systemutvikling og organisasjonsutvikling.



6. Budsjettering, avskrivning og driftskostnader

Mange investeringar i IKT fører til auka framtidige driftskostnader.

Døme 1. – Investering i programvare:

Investerer me i eit nytt program som kostar kr 500.000, er det vanleg at vedlikehaldsavgifta er på 30% av investeringskostnaden. Det vil sei at me kvart år frå år 2, treng kr 150.000,- meir på driftsbudsjettet for å betale vedlikehaldsavgifta.

Døme 2. – Tilgong til trådløst nett:

Me har i løpet av kort tid sett opp om lag 200 sendarar for trådløst nett. Sidan Stord kommune som offentleg organisasjon er underlagt strenge krav for å ivareta informasjonstryggleiken, er me avhengig av verktøy til å administrera dette. Verktøyet består av både maskinvare og programvare. Det har kostar om lag kr 500.000,- å kjøpa dette i 2007.

Blir det ikkje sett av midlar til drift, kan me ikkje klara å oppretthalda tilbodet om trådløst nettverk til brukarane.

I tida framover bør det vera ein klar strategi på korleis kommunen over tid kan oppretthalda funksjonaliteten som brukarane har fått tilgong til.

Det er viktig at det blir sett av midlar til å betala dei løpande driftsutgiftene som alltid kjem etter investering i IKT. Dette må sikrast når kost-nytte vurderinga vert gjort i forkant av innføringa.

7. Dokument som er lagt til grunn for arbeidet

- ❖ Kommuneplanen; IKT-strategien er utforma slik at IKT vert eit verktøy for å nå dei overordna måla i kommuneplanen.
- ❖ eKommune e2010 – lokal digital agenda. IKT-strategi for kommunane utarbeida av KS.
- ❖ Tidlegare IKT-strategiplanar for Stord kommune
- ❖ IKT og grunnopplæringa 2008-2012 – lokal digital agenda i skolene
- ❖ Temahefte om IKT i barnehagen
- ❖ Stortingsmelding nr.17 om IKT politikk

8. Framtidsbilete

På dei neste sidene fylgjer framtidsbilete med tilhøyrande målsetting og tiltak for å nå måla.

Med framtidsbileta ynskjer me å syna korleis IKT kan verta brukt som verktøy i framtida.

1. Breiband og kommunikasjon

Målsetting:

1. Alle innbyggjarar og bedrifter i Stord kommune skal ha eit fullgodt tilbod om breiband uavhengig av geografisk plassering og bustad.
2. Stord kommune skal alltid ha kommunikasjonssamband med tilstrekkeleg kapasitet til bruk mellom eigne lokasjonar.
3. Alle kan kopla seg til Internett kor som helst i kommunale bygg.
4. Stord kommune skal ikkje ha stopp i produksjon og tenestetilbod grunna nedetid og brot i sambanda som vert nytta.

Tiltak:

- 1.1 Stord kommune skal samarbeida med næringsliv og andre for å betra infrastrukturen og tilbod om breiband.
- 1.2 Ta kontroll på eigen grunn: så langt råd er sjølv eiga fiber (infrastruktur) mellom eigne lokasjonar, – og alltid ved graving i kommunal grunn vurdere klargjering for fiber.
- 1.3 Bygge ut trådløst nettverk i alle kommunale bygg.
- 1.4 Sikra "naudsamband" som tek over trafikken dersom dei ordinere sambanda fell vekk.

Om tiltaket:

I Stord kommune er det nesten fullgod dekning på breiband (98% dekningsgrad medio juni 2007).

Det er likevel viktig at kommunen som grunneigar engasjerar seg i utbygging av tilboda, både for å sikra eigne interesser til intern bruk, og for innbyggjarane og næringsliv.

Eit godt tilbod om breiband gjer kommunen til ein attraktiv stad å etablere seg. For å få dette til bør Stord kommune vera ein pådrivar for stadig utbygging av breiband og kommunikasjon.

Stord kommune har eit stort og komplekst samansett data og telefoni – nettverk, og det er viktig med tryggleiksrutinar for å hindre tap av produksjonstid og data.

Kommunikasjonsteknologien vert meir og meir trådløus.

Stord kommune har allereie trådløse nettverk på skulane, Rådhuset og Kulturhuset for å nemna nokre lokasjonar.

Infrastrukturen som kommunen byggjer kan vera grunnlag for tilbod til innbyggjarane.

SKL AS byggjer fiberoptisk breibandssamband og gass i høgt tempo, og Stord kommune har samarbeidsavtale med dei om felles framføringar i grunnen.

IP-soner: Brukt om område som er dekkja av trådløse datanettverk.

Serverrom: Eige spesialtilpassa rom der alle tenarmaskinar (store datamaskinar) er samla.

Breiband: Samleuttrykk for teleinfrastruktur (telekommunikasjon) med høg overføringskapasitet. "Bandbreidde" er eit mål på kor stor mengde data som kan overførast gjennom sambandet, ofte målt i Mbit ("megabit") pr. sekund. I dag er det vanleg å omtala fart på over 10 Mbit pr. sekund som breiband.

Framtidsbilete

Borna i CISV – leiren på Rommetveit er på utflukt til sentrum for å gjera seg kjende. Dei har berre vore her eit par dagar, og i dag skal dei på tur til Leirvik. Med mobiltelefonen får dei raskt kontakt med IP – sona i sentrum og kan overføre bilete og video til dei heime. Presentasjon av regionsenteret Leirvik er oppgåva.

Sauebonde Dahl på Fjellgardane har investert i radiomerking av buskape sin. Slik kan han følgja med på sauene sine rørsle og posisjon på dataskjermen. Tenesta har han kjøpt av eit firma som har spesialisert seg på slikt. Det einaste han treng er PC med Internett-tilknytting. I det han står og drøsar med nabobonden tikkar det inn ei tekstmelding på mobiltelefonen hans: det er eit varsel om unormal ferdsel hos dyra. Han tek fram den berbare PC-en og på ein augneblink har han logga seg inn på Internett med trådløst samband via IP-sona. Det ser ut til at sauene er spreidde over alle haugar, og det er ikkje anna å gjera enn å koma seg til fjells.

I Stord kommune er det katastrofetilstand. Det har vore brann i kommunen sitt sentrale serverrom, og både datasystema og telefonane er øydelagt. Det er ein kritisk situasjon. Innbyggjarane får ikkje kontakt med kommunen og dei tilsette har ikkje tilgong til dataverktya sine. Heldigvis samarbeider Stord kommune med andre kommunar, og har difor standardisert til likt utstyr som nabokommunane. All datainformasjon til Stord kommune er det kopiar av i Haugesund. I løpet av 3 timar har IT-avdelinga kopla om via det interkommunale breibandsnettet, slik at Stord kommune igjen er operativ. Dei tilsette kan logga seg på systema, og innbyggjarane får kontakt med kundetorget.

2. Deltaking for alle, universell utforming og digitale skilje

Målsetting:

5. I størst mogleg grad å tilfredstille www.noreg.no sine kvalitetskriterium for kommunale vevsider
6. Elektroniske tenester og informasjon blir gjort tilgjengelig og tilrettelagt for alle

Tiltak:

- 2.1 Som PILOT-kommune innan universell utforming skal nettsidene til Stord kommune vidareutviklast med fokus på at alle skal kunne nytte sidene og ta i bruk tenestene som vert tilbudd.

Sjå meir på: www.ksikt-forum.no

Om tiltaket:

Ved endring/effektivisering av manuelle rutinar og arbeidsprosessar ved bruk av IKT, følgjer eit ansvar for å legge nye tenestar til rette og tilgjengelig for alle type brukarar.

Vevstrategien 2007 for Stord kommune, er eit arbeidsdokument som beskriv korleis me ynskjer å jobba med utvikling av vevsidene.

Kommunen har utarbeida eit eige prosjektdirektiv for KS-prosjektet.

Ei større open trådlaus sone i sentrum av Leirvik kan gjerne realiserast i samarbeid med lokale private bedrifter.

Framtidsbilete

Kai er ein ung gut som er født og oppvaksen i ei lita bygd like utanfor kommunen sitt sentrum. Foreldra har vore utan jobb i mange år grunna sjukdom og dei har korkje råd til breiband eller PC.

Men det manglar likevel ikkje på datakunnskap hjå Kai eller dei andre familiemedlemmane. Gjennom kommunen sitt prosjekt "ServiceSone" har dei kunna tilegna seg kunnskap i bruk av dataverktøy. Tilbodet består av opne publikumsnett i sentrum og lokale med tilhøyrande maskinpark. Gjennom nettverket får Kai og andre innbyggjarar tilgang til kommunen sine tenester "eServicetorg" og sjølv sagt også Internett. Kommunen sine vevsider er laga slik at dei skal vere tilgjengelige for alle type brukarar. Grensesnittet tar høgde for at brukarane kan vere svaksynte, ha dårleg høyrsel eller framandspråklege.

Kai har bruk for å sjekke saldo i nettbanken sin og går i skranken på biblioteket for å få låne ein berbar datamaskin. Ved hjelp av eSignatur og eID gjer han seg til kjenne og får låne ein datamaskin.

Etter å ha sjekka saldoen sin i nettbanken bestemmer Kai seg for å fullføra eit av datakursa som er førehandsinstallert på utlånsmaskina. Progresjonen i kursa følgjer brukaren, og Kai startar der han gav seg sist.

eID og eSignatur

Elektronisk ID er ein eller fleire tekniske innretningar, som kan nyttast til å autentisera personar, eller signere på nett, og som er knytte opp mot same brukarnamn (fysisk person sitt folkeregistrerte namn eller pseudonym, eller ein juridisk person sitt registrerte namn eller pseudonym).

Elektronisk signatur er data i elektronisk form som er knytt til andre elektroniske data og som vert brukt som autentiseringsmetode - "løysingar som knyt eit innhald til ein identitet på ein uavviseleg måte". Les meir på: www.regjeringen/nb/dep/fad

3. Elektronisk handel

Målsetting:

1. Alle tilsette i Stord kommune er kjend med og handlar etter innkjøpsavtalane.
2. Kommunen handlar varer og tenestar til låge og konkurransedyktige prisar.
3. Å tinga varer og tenester er enkelt og raskt for dei tilsette. Det same gjeld for kontrollrutinar.

Tiltak:

- 3.1 Vurdera system for elektronisk handel og etablering av integrasjon mot den Offentlege Marknadsplassen.

Om tiltaket:

Marknadsplassen www.ehandel.no er nettstaden som er laga for å fremja bruk av elektronisk handel i offentlig sektor. Stord kommune har i dag ikkje knytt nokre av innkjøpsavtalane opp mot [ehandel.no](http://www.ehandel.no). Omlegging av rutine kring innkjøpsprosessen vil vera ei prioritert oppgåve i framtida. Målet er å forenkla innkjøpsrutinar og integrera bestillings-, faktura- og betalingsprosessar i fagsystema.

Det er fleire viktige fordeler med elektronisk innkjøpssystem, ein er at alle tilsette nyttar dei avtalane den Interkommunal innkjøpsgruppa har forhandla seg fram til. Kommunen får då i større grad utnytta innsparingspotensialet i avtalane.

Ein annan fordel er at heile arbeidsflyten frå bestilling og fram til betaling går føre seg elektronisk. Utgiftene blir då bokførte på bestillingstidspunktet slik at rekneskapen til ei kvar tid er oppdatert i samsvar med pengane som er brukt.

Skal eit slikt system fungere, blir det viktig at heile organisasjonen har gode og einsarta rutinar knytt til innkjøp.

Framtidsbilete

Det er ettermiddag og Trine har nettopp kome på jobb. Ho arbeider som sjukepleiar ved sjukeheimen og har i tillegg ansvar for innkjøp av varer, - ei tidkrevjande administrativ oppgåve som stel tid frå kjerneoppgåva ho er sett til å gjera.

Trine loggar seg på e-postsystemet der det ligg mange uleste meldingar.

Dei er frå avdelingsleiarane med liste over varer som må tingast. I dag skal ho tinga både kontorrekvisita, reingjeringsprodukt og medisinske produkt.

Trine tenker med skrekk og gru på korleis innkjøpsrutinane var før. Då måtte ein oppsøkje fleire ulike leverandørspeifikke internettsider, og nokre av varene måtte ho tinga via telefaks og telefon. Bruk av telefon var tungvint grunna leverandøren si opningstid. I tillegg brukte ho masse tid på å "forhandla" med kollegaer som ytra ønskje om produkt utan tanke på om det var avtaleprodukt eller ikkje.

Med den nye innkjøpsløysinga kopla til marknadsplassen for det offentlege, er dei fleste innkjøpa gjort på eit blunk. Trine loggar seg på www.ehandel.no. Der ligg alle innkjøpsavtalane, og i tillegg kan ho enkelt tinga alle varene ho treng. Dette forenkla innkjøpsrutinane.

Innkjøpsavtalane vert følgde og i tillegg kan ho gjera det i rolege periodar, ofte på kveldstid.

Den som styrer økonomien på sjukeheimen er også svært nøgd, fordi utgiftene blir bokførte på det tidspunktet varene vert tinga. Det gjer at økonomiansvarleg alltid har full oversikt over forbruk i forhold til budsjett.

4. eServicetorget

Målsetting:

1. *Stord kommune har gode elektroniske tenester for innbyggjarar og næringsliv via våre vevsider*
2. *80 % av brukarane skal vera nøgd eller særns nøgd med kommunen sine elektroniske tenester.*
3. *Me har oversikt over dei mest brukte tenestene på nett.*

Tiltak:

1. Tilby nye tenester via våre nettsider.
2. Bruke statistikk frå nettsidene til vidare utvikling av tenestene
3. Utvide karttilbodet (Fonnakart) på Internett med temadata. T.d. lokalisering av barnehagar og skular i kommunen
4. Utvide og automatisere tilbodet i nettbutikken Infoland.no

Om tiltaket:

Stord kommune må i større og betre grad synleggjere sine elektroniske tenester mot innbyggjarane. Dette fordi kommunen har behov for å frigjere ressursar gjennom effektivisering ved bruk av IKT, samt det faktum at ein større del av befolkninga forventar sjølvbetente elektroniske tenestar via Internett.

Vår nye leverandør av elektroniske skjermdialogar/skjema kallar denne tenesta for "Kommune 24:7", noko som skildrar korleis kommunen i større grad ynskjer å opne opp og vere meir fleksible i forhold til innbyggjarane. Stord kommune er med på KS-prosjektet "Frå pilot til produksjon", saman med 45 andre kommunar.

Prosjektet går ut på å gjera fleire tenester tilgjengelige på kommunen sine nettsider. Desse tenestene er basert på elektroniske skjema som brukarane fyller ut på nettet, og som har integrasjon mot fagsystema.

Framtidsbilete

Turid og hennar familie skal flytte heim til Stord etter 5 år i Oslo.

I staden for å vente til dei har flytta til Stord bestemmer Turid seg for å ordne alle dei praktiske gjeremål ho kan på førehand. Familien består av mamma Turid, pappa Olav, Jens 6 år og Julie 10 år.

På Stord kommune sine vevsider har Turid tilgong til følgjande tenester:

- Søke SFO-plass for Jens, som startar i første klasse til hausten
- Søke på den ledige stillinga som IKT-medarbeidar i kommunen
- Tinga bosdunkar til hushaldninga
- Søke plass til Julie på kulturskulen
- Søke om parkeringsløyve for Olav, som er funksjonshemma
- Få godkjent byggemelding for den nye garasjen

Når familien endeleg er på plass på Stord er mange praktiske oppgåver løyst.

5. Elektronisk samarbeid i helse- og sosialsektoren

Målsetting:

1. *Pasientane og brukarane opplever møte med tenestene som heilskapeleg.*
2. *Informasjonsutvekslinga mellom samarbeidspartane i helsesektoren er rask og sikker.*
3. *All lagring og utveksling av informasjon i kommunal helse og sosialteneste skal vera basert på nasjonale standardar og tilfredstillende nasjonale krav til informasjonstryggleik.*

Tiltak:

- 5.1 Knyta pleie-, omsorg- og helsetenesta til Norsk helsenett.
- 5.2 Ta i bruk mobilt utstyr som personalet kan bruka til dokumentasjon, og henta fram informasjon når dei er ute hos brukaren.

Om tiltaket:

Ei samla satsing på IKT er truleg det mest verknadsfulle tiltaket for å styrka kvalitet og effektivitet i helse- og sosialsektoren. Det elektroniske samarbeidet mellom ulike ledd i tenesteytinga og førebyggjande arbeid er aukande. Likevel ser me at potensialet til IKT investeringar i sektoren i liten grad er utnytta. Papirbaserte og IKT-løysingar eksisterar side om side. Det betyr dobbel registrering og skilnad i handtering av informasjon. Ulike teknologiløysingar og mangel på standardar hindrar samarbeid både internt og mellom verksemdar. Ein viktig utfordring for kommunen i tida framover blir å knyta seg til ein infrastruktur som gjer det mogleg med elektronisk samarbeid med andre deler av helse- og sosialtenesta. Pleie-, rehabilitering- og omsorgstenesta i Stord kommune nyttar i dag fagsystemet Profil levert av Visma. Visma jobbar opp mot Elin-K prosjektet som tek i vare dei nasjonale krava for standardisering. Utfordringa er å ta i bruk verktøyet og bruke moglegheitene systemet gir.

Framtidsbilete

I dag skal Johan utskrivast frå sjukehuset og overførast til behandling i den kommunale pleie- og omsorgstenesta.

Først må han ha ein samtale med sjukepleiar som gir han informasjon om at han no vert overført til vidare behandling og oppfølging i den kommunale pleie og omsorgstenesta. I den forbindelse får han spørsmål om han samtykker i at hans helseopplysningar vert oversendt elektronisk til kommunen. Han får ein brosjyre som inneheld opplysningar om sjølve tenesta, informasjonsbehandlinga og kven som mottar og behandlar informasjonen. Det vert og gitt med ein brosjyre til pårørande dersom det er naudsynt. Johan har moglegheit til å motsette seg dette, men må då få informasjon om at dette kan få konsekvens for den vidare behandlinga. Denne informasjonsutvekslinga går mellom sjukehuset, kommunen og fastlegen. Overføringane vert sendt via Norsk helsenett. Eit lukka nettverk for elektronisk kommunikasjon og samhandling i helse og sosial - sektoren.

I tillegg får han informasjon om at resepten er sendt til reseptbanken og at Johan kan venda seg til kva apotek han måtte ønska for å få ut medisin.

Johan reiser frå sjukehuset og er letta over å ikkje ha viktige papir han må passe på og opplysningar han må hugse for å oppdatere heimehjelpen. Han er trygg på at heimesjukepleia har fått den informasjon dei treng for å kunne gi han rett behandling.

Før Johan har kome heim har kundetorget mottatt opplysningar om han, og er i gang med å tildele han tenester og informere området han tilhøyrrer om at han no er komen heim. Heimesjukepleiaren som skal på besøk til Johan om kvelden har mottatt den oppdaterte informasjonen etter sjukehusopphaldet og har fått den informasjonen ho treng for å gi Johan rett behandling.

6. IKT og lokaldemokratiet "synleggjering av politiske prosessar", "deltaking og påverknad"

Målsetting:

1. Stord kommune har opne elektroniske kanalar for dialog mellom innbyggjarane og dei folkevalde.
2. I Stord kommune syner innbyggjarane stor interesse og god deltaking i politiske avgjersler.
3. Stord kommune legg til rette for at alle kan ta del i lokaldemokratiet via universelt utforma elektroniske løysingar.

Tiltak:

- 6.1 Måle og evaluere bruken av "kommunestyret live".
- 6.2 Legge til rette for deltaking og påverknad gjennom ulike kanalar som til dømes debattsider på kommunen sitt eServicetorg, e-post, Chat og SMS.
- 6.3 Gjennomføre forsøk med elektronisk val.
- 6.4 Vidareutvikle videokringkastinga frå kommunestyresalen til også å gjelde andre politiske møter.

Framtidsbilete

I komité for levekår skal det i dag vera open høyring om budsjett og økonomiplan 2009-2012.

Knut sit i komiteen og ønskjer å delta med debattinnlegg sjølv om han er sjuk og må halde seg heime.

Han loggar seg inn på Stord kommune sine vevsider under "eDemokrati" for å delta i møtet.

Her har Knut direkte tilgang til videokringkasting frå kommunestyresalen og kan sende inn spørsmål og kommentarar undervegs i møtet. Leiaren i komiteen mottok spørsmåla til Knut og vidareformidlar dei til dei frammøtte. Knut kan i tillegg stille spørsmål til komiteen gjennom talefunksjonen. Sidan Knut er særst rusjen i halsen og mest utan røyst i dag, velgjer han å stilla spørsmål skriftleg.

Knut tek sein ferie i år og kommunestyrevalet kolliderar med sydenturen hans. Men det gjer ingenting. For via kommunen sin vevportal kan han røysta medan han ligg på stranda.

Om tiltaket:

Ved hjelp av IKT vil Stord kommune gi innbyggjarane enklare tilgang til informasjon om avgjersler i politiske fora i kommunen.

Gjennom ulike tiltak ynskjer kommunen å styrkje den lokale politiske dialog og den lokale kommunale tilhøyrsla. Sikre at alle kan ta del i lokaldemokratiet.

7. IKT i barnehage

Målsetting:

4. *Borna i dei kommunale barnehagane opplever at digitale verktøy kan vere ei kjelde til lek, kommunikasjon og kunnskapsinnhenting.*
5. *Utveksling av informasjon mellom barnehage og heim skjer på ein enkel og effektiv måte.*
6. *Foreldra medverkar i barnehageverksemda.*

Tiltak:

- 7.1 Personalet får tilgang til og opplæring i digitale verktøy (maskinvare og programvare).
- 7.2 Det vert lagt til rette for at personalet kan bruka digitale verktøy i opplæring, vurdering og kommunikasjon.
- 7.3 Det blir oppretta eigne heimesider for barnehagane, knytta til www.stord.kommune.no

Framtidsbilete

Barnehagen er på tur. Ole og Per finn eit rotvelta tre. På treet finn dei og fleire insekt. Dei tek bilete av det dei ser. Når dei er tilbake i barnehagen, legg dei inn biletet og fortel litt om det. Foreldra kan gå inn på heimesida og sjå kva Ole og Per har gjort på. Dette gjev eit fint samtaleutgangspunkt etter hentetid.

Om tiltaket:

I temahefte om IKT i barnehagen står det:

"I følgje lov om barnehager §2 skal barnehagen gi barn grunnleggjende kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter."

I lys av dette blir digitale verktøy aktuelle for barnehagen. Digitale verktøy blir en ny måte å "formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap."

Sitat frå rammeplan for barnehagen:

Personalet har ansvar for å gi foreldra nødvendig informasjon om og grunngjeving for barnehageverksemda og invitera foreldra til medverknad.

Ein eigen digital møtestad eller heimeside er etterlyst av mange foreldre.

8. MiSide – eID og eSignatur

Målsetting:

1. Kommunale tenester er tilgjengelige via Miside.no
2. Brukarane av kommunale tenester kan identifisere seg og signere ved hjelp av eID og eSignatur

Tiltak:

- 8.1 Tilby eID og eSignatur på kommunale tenester.

Om tiltaket:

Kommunen sine elektroniske tenester er knytta opp mot MiSide/ MinID. Tenestene krev autentisering (MinID) av brukaren.

Ei arbeidsgruppe oppnemnt av FAD jobbar med nytt forslag til strategi for bruk av MinID og eSignatur i offentleg sektor.

MiSide

Miside er eit offentleg servicekontor på Internett. Miside gjev deg:

- Ei felles inngang til elektroniske tenester frå det offentlege
- Høve til enkel dialog med det offentlege
- Oversikt over informasjon som er registrert om deg i ulike offentlege register

Innbyggjarportalen skal bidra til ein enklare kvardag for folk flest gjennom å gjere offentlege tenester meir tilgjengelige

Offentlege tenestetilbod er samla i ein individuelt tilpassa internettportal. Gjennom Miside får alle innbyggjarane ei eiga skreddarsydd side.

Informasjonen er tematisk strukturert, og tenestene er samla og sortert ut frå behova til innbyggjarane.

Som brukar vil du lett kunne finne fram til dei tenestene du treng utan forkunnskapar om kva for offentleg etat som har ansvaret for tenesta.

Les meir på: www.miside.no

eID og eSignatur

Elektronisk ID er ein eller fleire tekniske innretningar, som kan nyttast til å autentisere seg eller signere på nett, og som er knytta opp mot same brukarnamn (fysisk person sitt folkeregistrerte namn eller pseudonym, eller ein juridisk person sitt registrerte namn eller pseudonym).

Elektronisk signatur er data i elektronisk form som er knytta til andre elektroniske data og som vert brukt som autentiseringsmetode - "Løysingar som nyttar eit innhold til ein identitet på ein uavviseleg måte". Les meir på: www.regjeringen.no/nb/dep/fad

Framtidsbilete

"Amalie Skrot våknet i riktig dårlig humør den dagen. Hun har nå lenge sett frem til å få en flott, ny vinterhage til å tilbringe kjølige høstkvelder i, men så tok det jo så forbasket lang tid med denne behandlingen i Plan – og bygningsetaten! Saken trakk ut i langdrag, fordi søknaden om påbygg på hennes flotte, gamle, verneverdige hus stadig ble revurdert på grunn av ulike innspill fra involverte instanser. Nå måtte hun gjøre noe for å få fremdrift!

Hun labbet ut på kjøkkenet, spiste et beger yoghurt til frokost og satte kursen mot badet.

Etter en stund var hun klar for dagen.

Hun satte seg godt til rette i sofaen, løftet frem sin tablet-PC i fanget og fant frem smartkortet sitt. Hun stakk det inn i leseren i siden av PC-en og dro fingeren sin over den biometriske avlesningsstripen ytterst. Påloggingsinformasjon kom frem på skjermen og hun var inne.

Amalie ville aller først vite hva er status i hennes byggesak. Hun pekte på ikonet "MiSide" øverst på skjermen med sin lille pekepinne og MiSide sitt åpningsbilde kom frem – med spørsmål om hvem som skulle inn. Amalie skrev inn navnet sitt og dro igjen fingeren over kortet som satt i leseren.

Hennes personlige side kom frem, med mappen "Plan og byggesaker" øverst i oversikten. Hun pekte på mappen og status i saken kom frem på skjermen. Samtidig så hun at det var en melding til henne i hennes meldingsboks. Hun pekte på boksen og der lå en melding fra Plan- og bygningsetaten! Hun ble opprørt – kanskje var det endelig den etterlengtede tillatelsen som kom? Der var det et lite ikon som indikerte at hun kunne hente frem et dokument fra etaten. Hun pekte på det og opp kom et vedtaksbrev – det var et avslag!! Hun stirret vantro på skjermen og fikserte øynene sine på et lite merke nederst til høyre under teksten – der sto det "Signatur", under et navn til en saksbehandler som hun ikke har sett før. Hun pekte på merket og etter to sekunder kom det en boks på skjermen som sa: "Signert av Plan og bygningsetaten i Bergen, den 26. april 2010".

Nå var hun i kjempedårlig humør – hun tenkte å ringe og dele noen av sine meninger med dem i denne etaten, men så kom hun på at det var bedre å dra og møte opp personlig – nå, med en gang!

Hun skulle til å logge av MiSide da hun plutselig husket at hun hadde en legetime hos fastlegen sin for en vanlig sjekk. Den måtte hun avbestille, det var en tjeneste for dette i MiSide. Ja, men så kunne hun også ta ting opp direkte med legen – hun logget av MiSide, dro opp e-post programmet sitt og skrev en rask beskjed til legen, med noen punkter som hun hadde tenkt å ta opp i timen, men som hun bestemte seg for heller å ta opp på e-post. Da hun var ferdig med å skrive, pekte hun på fanen "signer og krypter" øverst til venstre i skjermbildet – så ble hun bedt om å gi personlig validering – hun dro fingeren over den biometriske stripen på smartkortet og programmet kvitterte med "Signert og kryptert – sende?". Hun pekte på OK-boksen og e-posten kom avsted.

Hun dro på seg jakken og skulle gå ut av døren da hun oppdaget at hun glemte PC-en...

Hun dro ut kortet fra leseren og stakk det i lommeboka, klappet sammen PC-en og stappet den i vesken. Nå var hun klar – med alle "sakspapirer" i vesken.

De skal få høre der i Plan- og bygningsetaten! – Kjelde: FAD

9. Digitalkompetanse og IKT i grunnutdanninga

Målsetting:

Alle elevar skal kunne bruke moderne IKT – verktøy, programvare og kommunikasjonsnett integrert i undervisninga.

Tiltak:

- 9.1 Lærarane på den enkelte skule skal systematisk bruka digitale verktøy i opplæring, vurdering og kommunikasjon
- 9.2 Revisjon, vedlikehald og utbygging av dei trådlause nettverka på skulane (skulane har fullgod dekning på det trådlause datanettverket).
- 9.3 Legge til rette for felles programvare og digitale læringsressursar for skulane.
- 9.4 Elevar og lærarar skal ta i bruk digitale mapper for vurdering innan 2011.
- 9.5 Alle skulane lagar ein progresjonsplan for IKT som grunnleggjande dugleik innan skuleåret 2009/2010
- 9.6 Nye datamaskinar til lærarane.

Om tiltaket:

All teknikk skal virka 100% !

Skulane skal ha nok datamaskinar til at det kan nyttast som eit naturleg verktøy på lik linje med anna skulemateriell og utstyr. I Stord kommune leiger (leaser) ein datamaskinar til elevane for å nå denne målsettinga (frå hausten 2007). Når første leigeperiode går ut i 2011 må ein eventuelt teikna ny leasingavtale.

Stord – skulane brukar Class Fronter som LMS. Systematisk og målretta opplæring i systemet er viktig for å få alle til å bruka den. Skuleleiarane må setja krav til dei tilsette om bruk og må i saman med lærarane sette seg mål for innføringa. Lærarane må verta fortruleg med bruken av både maskinvare og programvare.

Framtidsbilete

Det er snart midttime og Oda loggar seg på det digitale klasserommet ved hjelp av peikefingeren. Før ho tek matpause skal ho berre levera inn videofilmen som ho laga i prosjektoppgåva om nærmiljøet. Oda har funne seg ein "stille krok" i gongen. Ho likar best å sitja å arbeida med sin eigen berbare datamaskin for seg sjølv.

Inne i det digitale klasserommet har Oda si eiga mappe til å samle ting ho ønskjer å få vurdert av læraren. I denne mappa har også mor og far tilgong, og i same stund som Oda har lasta opp videoreportasjen sin har far logga seg på også. Han er på jobb, men har ei ledig stund i lunsjen og tenkte han ville sjå kva Oda arbeider med på skulen i det siste. Han vert imponert av filmen Oda har laga, og tenkjer at dette må han skryta av ved middagsbordet når dei kjem heim.

I gongen kjem Kristoffer med ein PDA, GPS og eit digitalkamera i handa. Han er på gruppe med Oda og har nettopp vore i skogholtet ved sida av skulen for å registrere plantelivet. Der har han måla opp eit felt på 3 x 3 meter ved hjelp av utstyret, og ser nøyaktig på det elektroniske kartet kor han er. Han har gjort ein feltanalyse av kva som gror og spirer i feltet. Andre grupper med elevar har analysert andre ruter og til saman dekker elevane eit vidt område av nærmiljøet sitt.

Kristoffer overfører data han har samla frå

PDAen til kommunen sitt felles geografiske

informasjonssystemet (GIS). Koordinatane

for feltet hans vert teikna inn i kartet på

skjermen. Denne ruta skal dei også

undersøkja i 10. klasse, så det er viktig å

lagra alt, slik at dei kan samanlikna når den

tid kjem.

I feltanalysen fann dei to artar som dei ikkje klarar å finna ut av. Kan det vera sjeldne sortar? Dei opprettar raskt videokontakt med HSH via breibandet til skulen. Der har dei avtale med ein faglærer som kan hjelpa til med prosjektet.

Lærarane i Stord kommune har eigen berbar datamaskin. Det er grunnleggande og naudsynt at dei tilsette meistrar teknologien og tileignar seg digitalkompetanse for å kunne vidareføre dette i opplæringa.

Det vert stadig tilgjengeleg fleire digitale læringsressursar på nett som vil erstatte den tradisjonelle læreboka. Skulane må aktivt vurdere digitale læringsressursar tilgjengeleg.

Nasjonale prøvar, avgangsprøvar og eksamenar vert også gjennomført via Internett med datamaskina, og det er viktig at skulane er førebudd til å gjennomføra dette.

Digital kompetanse er ferdigheter, kunnskaper, kreativitet og holdninger som alle trenger fort å kunne bruke digitale medier for læring og mestring i kunnskapssamfunnet – ITU (2005).

LMS: Learning Management System. Nettbasert løysing for utveksling av data og kunnskap med "digitale klasserom" for elevar, lærarar og føresette.

PDA: Personal Digital Assistant. Liten datamaskin i "lommeformat".

GPS: Global Positioning System.

Verdsomspennande satellittbasert posisjoneringssystem – og navigasjonssystem.

Framtidsbilete

Atle mattelærer. Nett no førebur han eit opplegg om geometri. Han loggar seg på School Life, - ein eigen virtuell digital verden i 3D. Her har han i lag med mange andre lærarar i Sunnhordland og Haugalandet oppretta ein eigen virtuell skule. Her deler han opplegg med andre lærarar, og finn god hjelp til undervisninga han førebur sjølv. Det skal handla om sylinder og volum og Atle finn modellar i 3D som elevane skal få jobba med neste dag. Med avataren sin går Atle inn i sylindere med målband for å finne tala til å rekne med. Elevane skal få prøva seg på det same i morgon.

Før dei går frå skulen avtalar Kristoffer og Oda å møtast på nett klokka 19:00 same dag. Dei må laga ferdig ein presentasjon av feltanalysen med dei ulike artane dei fann. På skulen sin elektroniske møtestad i LMS kan dei jobbe med same dokument og filer samstundes. Dei kan også sjå og snakka med kvarandre kvar andre ved hjelp av kamera og mikrofon i datamaskinane sine. "Me må ikkje preika oss vekk i kveld", formanar Oda. "Hugs at fristen for innlevering er satt til klokka tolv i natt Kristoffer".

"Jada, men har du gjort prøven i KRL ? Den har også frist til i kveld klokka tolv ! Me fekk tekstmelding om det i førre veke hugsar du...".

Oda kjenner hjarta hoppa over eit slag. No hadde ho heilt gløymt ut den forbaska prøven. "Jaja, eg får få den unna før me snakkast klokka sju då".

10. Effektiv kundehandsaming

Målsetting:

7. Kundetorget har eit fullgodt sentralbordverktøy som hevar og støttar opp om eit topp sørvistilbod for kundane
8. Kundetorget har alltid rask tilgong til korrekt informasjon
9. Kundetorget har alltid tilgong til oppdatert informasjon om kva tid tilsette/ sakshandsamarar/ fagpersonar i Stord er tilgjengelege ("presence")

Tiltak:

- 10.1 Vidareutvikle sentralbordløysinga (integrasjon mellom fagsystem, kalender og telefon m.m.) slik at Kundetorget til ei kvar tid har turvande informasjon raskt og effektivt.
- 10.2 Tilsette får opplæring i bruk av kalender og telefon.

Om tiltaket:

For å auka servicegraden, er me oppteken av å utvikle sentralbordet både når det gjeld kompetanse, program, større bruk av funksjonar på telefon og kalender samt rask tilgong til korrekt informasjon.

Kundetorget treng å kunne hente inn oppdatert informasjon raskt og effektivt. Det å kunne søke både på namn på alle tilsette i kommunen (ikkje berre dei med eige telefonnummer) og etter tema må være mogleg.

Framtidsbilete

Brit sit i Sentralbordet til Stord kommune i dag. Når telefonen ringjer "poppar" sentralbordet opp på skjermen hennar, sjølv om ho sit og jobbar med ei sak i e-Phorte. Det er Per Andersen som er på tråden, han ynskjer å byggja seg garasje. Han lurar på korleis han skal gå fram med tanke på byggjeløyve og graveløyve.

Brit tastar inn ordet "byggjeløyve" på tastaturet, og opp kjem namnet på alle dei personane ein kan kontakta i dette høvet, i prioritert rekkefølge. Samtidig kjem det opp på skjermen ein link til byggjeløyve der ho, eller ein av dei andre i Kundetorget lett kan finna opplysningar og svara på enkle spørsmål om dette. Alle desse vert oppdatert av einingane for dei ulike ansvarsområda i kommunen. Brit opplyser og kunden om all informasjon som ligg tilgjengeleg på Stord kommune si heimeside. Ho prøver den første på kontaktlista og kunden får, etter eige ynskje opplest nummeret automatisk.

Per Andersen ynskjer også informasjon om graveløyve, så Brit søkjer opp ordet "graveløyve", då kjem lista over ansvarshavande opp, ho prøver den første på lista, men det står ved namnet hans at han er i møte. Ved sida av namnet kan ho då trykkja på eit ikon for kalenderen hans, då kjem den opp med ein gong, og ho ser at han er ledig om 1 time. Per Andersen vil ha svar med ein gong, så Brit set over til neste person på lista, som er tilgjengeleg no. Også her kan Brit finna opplysningar om graveløyve i ruta som "poppar" opp saman med lista over kontaktpersonar, men kunden ynskjer å snakka med ein fagperson på dette området, så ho set over telefonen.

Medan ho har hatt denne samtalen har det "poppa" opp ei melding på skjermen, frå Tekniske Tenester, avd. Vatn, om at det er vasslekkasje i Saghaugen, og at dei som bur der vil verta utan vatn i ca.2 timar frå kl. 10.30. Denne meldinga har Brit, med eit tastetrykk lagt til side, og les når ho er ferdig med det ho held på med. Ho trykkjer på eit ikon, og "vips" så går den ut til dei andre som jobbar i Kundetorget, slik at alle til ei kvar tid er oppdatert.

11. Effektiv administrasjon

Målsetting:

Registrere data ein gong; - ved kjelda !

Tiltak:

- 11.1 Innføra administrativt verktøy for skulane.
- 11.2 Innføra effektivt Felles Elektronisk Identitet (FEIDE) for grunnskulen i Stord kommune
- 11.3 Samkøyra epost og telefonlister for dei kommunalt tilsette i NAV.
- 11.4 Vidareutvikle effektivt verktøy (program) for IKT-brukerstøtte, drift og inventar.
- 11.5 Kvalitetstrygga sakshandsaming og arkivering ved hjelp av digitale verktøy
- 11.6 Digitalisering av arkiv (personalarkiv, bygg og oppmålings-arkiv m.m.)
- 11.7 Tilpassa skrivebordsflate for brukarane (SharePoint)
- 11.8 Kartlegge dagens rutine for distribusjon av saksdokument og møteprotokollar til politikarane, og vurdere IKT-støtta løysingar for dette samt vurdere IKT-verktøy for politiske møter (datamaskinar, stemmeverktøy m.m.)
- 11.9 Installere server og nettverksovervaking for pro-aktiv drift
- 11.10 Forhandlingsmodul til Agresso
- 11.11 Integrasjon mellom Notus og Agresso

Om tiltaket:

Stord kommune har mange fagsystem og program som dei tilsette brukar. Auke i tal brukarar og system har ført til meir arbeid med systemadministrasjon. På grunn av manglande integrasjon mellom dei ulike systema må ein t.d. registrere data fleire gonger. Dette er tungvint og tidkrevjande, og skal ikkje vera naudsynt i moderne tid.

Stord kommune må stille krav til integrasjon i mellom dei ulike fagsystema, samstundes som ein må få på plass ei løysing (verktøy) som effektiviserar systemadministrasjonen.

Fleire nye funksjonar i økonomistyringssystemet AGRESSO vil også effektivisere arbeidsflyt i organisasjonen. Dette handlar om å ta ut potensialet i dei verktøya det allereie er investert i.

Framtidsbilete

Sigrun har kjent seg slakk eit par dagar. Ho sender ein e-post til fastlegen sin og forklarar situasjonen i korte trekk. Eit par timar seinare får ho SMS frå legen med time neste dag. Ho møter opp hos legen, som etter ein konsultasjon vel å sjukemelde Sigrun i ein månad. Han fyller ut den elektroniske sjukemeldinga og trykker på send. Då går eit eksemplar til NAV trygd, eit til Sigrun sin arbeidsgjevar og eitt heim til Sigrun. Sigrun går heim for å ta det med ro. Etter eit par timar loggar ho seg på PC'en sin og hentar fram sjukemeldinga. Ho fyller ut eigenerklæringa med naudsynte opplysningar og sender denne vidare til arbeidsgjevar.

Arbeidsgjevar har motteke sjukemelding frå legen og eigenerklæring frå Sigrun. Inntektsopplysningar vert henta frå lønssystemet og sendt til NAV trygd same dag, samtidig som refusjonskravet vert bokført. Refusjonen kjem frå NAV trygd via fil og vert automatisk utlikna mot kravet.

Maja jobbar med byutvikling i Stord kommune. Då ho kjem på jobb måndag morgon og loggar seg på PC'en får ho med ein gong opp oversikt over dagens gjeremål. I kalenderen ser ho at ho skal til tannlegen kl 10, og klokka 12 er det møte med eit arkitektfirma. Av oppgåvelista går det fram at ho har eit par e-postar ho må svara på, skriva ei sak til formannskapet og tilvisa reknningar. Alle oppgåvene kjem opp med ein gong ho loggar på, og det hjelper henne å organisera dagen optimalt. Sidan Maja har lagt inn alle avtalar i kalenderen, vert telefonen automatisk fråversmarkert når ho er oppteken i avtalar, og kundetorget kan lett sjå kor tid ho er tilbake. Kundetorget opplever at dei får gitt god service til kundane, fordi dei kan gje nøyaktig informasjon om kor tid Maja er tilbake igjen.

12. Kulturskulen

Målsetting:

1. Kulturskulen er tilgjengeleg og open for alle elevar og foreldre/føresette.
2. Elevane i Kulturskulen skal ha tilbod om døgnopen skule
3. Kommunikasjon med foreldre/føresette og elevar skal vera så enkel og effektiv som mogleg
4. Elevane i Kulturskulen deltek og samarbeider i musikalske prosjekt på tvers av landegrensene (Internasjonalt)

Tiltak:

- 12.1 Abonnere på Class Fronter og på MusicDelta (ev. delta i MusicDelta-pilotprosjekt saman med kulturskulane i Hordaland).
- 12.2 Integrasjon mellom fagsystemet Cetus og kommunen sitt e-postsystem.
- 12.3 Sende SMS til brukarar/elevar via det kommunale e-postsystemet.
- 12.4 Etablere eigen digital notebase for eigne komposisjonar og arrangement.
- 12.5 Leggje ut video-filer, mp3-filer og ev. andre lydfiler på kulturskulen si nettside.
- 12.6 Vurdera løysing for å gjere aktuelle musikkprogram tilgjengeleg for lærarane på kommunale tenestmaskinar (sentral installasjon av programvare).

Om tiltaket:

Utfordringa framover må vera å få aktuelle nye program og løysingar så enkle å bruke og å tileigne seg at det ikkje er programvareløysingane som stoppar/hindrar gevinstpotensialet. Me vil også understreke opplæring og kompetanseheving som svært viktige element for å oppnå måla me set oss.

Framtidsbilete

Per er elev på piano i kulturskulen og strevar med heimeleksa han fekk på sist time. Han loggar seg difor på i eit chatterom og ved hjelp av webkameraet viser han læraren sin kva problem han slit med. Læraren gjev han hjelp og Per kan kome seg vidare og over problemet han hadde.

Tone er 6 år og nybyrjar på fiolin i kulturskulen. Ho og foreldra (som var med på førre undervisningstime) hugsar ikkje heilt korleis ho skulle halde fiolinbogen. For å finne ut korleis det eigentleg var går dei inn på kulturskulen si heimeside der dei finn ein videopresentasjon som viser korleis rett handstilling er. Denne hadde fiolinlæraren lagd ut. På denne nettsida er det også døme på rett munnstilling på tverrfløyte og kornett, på korleis elevar kan spele dei vanlegaste gitargrepa og mykje meir. Mange av elevane nyttar seg dagleg av desse små videosnuttane.

Ole, Oda og Nils har fått i oppgåve frå læraren sin å lage ein komposisjon for piano og fiolin. Dei loggar seg på eit interaktivt musikkprogram (virtuelt klasserom) og lagar komposisjonen sin der. Etter å ha laga komposisjonen sender dei SMS til læraren som sjekkar oppgåva og kjem med forslag til rettingar og forbetringar. Ole, Oda og Nils tek utskrift av den ferdige komposisjonen og spelar den på neste elevkonsert. Dei sende den også til nokre elevar i Kina, som er elevar i det same virtuelle klasserommet, og fekk ein komposisjon frå dei i retur. Denne komposisjonen planlegg dei å spele på ein annan elevkonsert. Det siste dei høyrde var at dei kinesiske elevane hadde arrangert deira komposisjon for eit lite orkester. Dei er svært spente på å høyre korleis det vil låte.

Nina, Elin, Sissel og Turid er venninner og 13 år gamle. Dei er også danseelevar i kulturskulen. Dagen etter førre undervisningstime er dei ikkje einige om korleis koreografien var på den siste dansen dei lærde. Alle 4 hadde ulike meiningar om korleis den var. Frå heimesida til kulturskulen lastar dei ned til mobilen sin ein video kor danselæraren viser koreografien. Dei øver vidare saman og til neste undervisningstime kan dei dansen perfekt.

Tore er elev på trompet i kulturskulen. Han har i eit tid øvd på ein ganske avansert jazzlåt av Chick Corea. No er han komen så langt at han har lyst å spele den saman med andre. Han lastar difor ned ei mp3-fil frå kulturskulen med fullt akkompagnement til låta. Når han har øvd ei stund vert resultatet så bra at han spelar det inn i det virtuelle klasserommet, brenn det på ein CD og gjev CDen i julegåve til slekta. Etter påtrykk frå andre legg han det også ut på YouTube og får mange flotte tilbagemeldingar.

13. Grøn IT

Målsetting:

Redusera energiforbruket til Stord kommune.

Tiltak:

13.1. Kjøra mest mogeleg av serveroppgåvene på virtuelle serverar.

13.2 Leggja til rette for at tilsette kan nytta videokonferanse der det er mogeleg.

13.3 Etterspørje miljøvenlege produkt ved innkjøp.

13.4 Intensivera arbeidet med å automatisera arbeidsprosessar.

Om tiltaka:

Virtualisering

Serverar og serverrom står for ein betydelig del av energiforbruket i det kommunale IKT-systemet.

Gjennom konsolidering og virtualisering av serverar og ved å nytta styringssystem for straum er det mogleg å redusera energibruken.

Videokonferanse

Kommunen har brei kontaktflate og har ein del oppgåver som inneber mykje reising. Ved å nytta dei mogleikane teknologien gir gjennom til dømes videokonferansar og telefonmøter, kan kommunen bidra til å redusera miljøutsleppa. Auka bruk av heimekontor kan også bidra til å redusera bruken av transportmidlar. Det same kan ein ved å bytta IKT-system for å overvaka og drifta kommunaltekniske anlegg.

Kravspesifikasjonar/ krav til miljø

Etterspør miljøvennlege produkt ved innkjøp.

Automatisering av tenester

Automatisering av arbeidsprosessar kan bidra til å redusera energiforbruket. Ved å tilby digitale tenester, som søknadsskjema på internett, kan innbyggjarane søkja om tenester utan å måtta nytta transportmidlar eller papir. Innføring av elektronisk handel og elektronisk fakturering er andre tiltak som kan bidra til redusert energibruk.

Framtidsbilete

Videokonferanse/ møte

Innkjøpssjefen i Stord kommune skal delta i eit avgjerslemøte i lag med samarbeidskommunane og fylkeskommunen om ny leverandør. Møte er lagt til Tysvær denne gong, men i staden for å køyre i bil deltek innkjøpssjefen i møte via videokonferanse. Slik sparte ein 2 timars køyretid, køyregodtgjersle og bompengar. Og ikkje for å gløyma miljøet!

Virtualisering og straumsparing

Det er ein varm somardag i juni. I dag skal IT-konsulent Nylund skru av eine kjøleanlegget i serverrommet til kommunen. Men først må han skru av 7 serverar som no er virtualisert på den nye stormaskina til kommunen. Den kosta litt i innkjøp, men ved å "pensjonere" 7 serverar og eit kjøleanlegg sparar ein ikkje berre miljø, men også kilowattimar og pengar.

14. Informasjonstryggleik

Målsetting:

Stord kommune handsamar informasjon i tråd med Datatilsynet sine retningslinjer, og sikrar trygg og effektiv dataflyt i organisasjonen.

Alle databrukarar i Stord kommune har medvit og merksemd knytt til datatryggleik. God beredskap ved avbrot/teknisk stans.

Tiltak:

- 14.1 Sikra trygg og strukturert handsaming av Stord kommune sin dataflyt, ved å:
 - a) Revidere datatryggleikshandboka til Stord kommune
 - b) Revidere IT-instruksen til Stord kommune
- 14.2 Definere/ tilsetje tryggleiksansvarleg/ kvalitetssjef

Trygg og strukturert handsaming av dataflyten:

Ha gode rutinar for innmelding, endring og utmelding av databrukarar. Vera bevisst på kor og korleis ein lagrar data.

God beredskap ved avbrot/teknisk stans:

Ha gode rutinar for reservekopiering – kommunen skal ha reservekopi av alle system som vert nytta. Reservekopiar skal også omfatta oppsett og instillingar.

Ha så lita nedetid som mulig ved ev avbrot/teknisk stans.

Auka medvit og merksemd knytt til datatryggleik:

Ha fokus på it reglementet til ei kvar tid. Tvungent passordskifte, ikkje låne vekk passord, låse maskinen når ein forlet arbeidsplassen, ha eit medvite forhold til korleis ein nyttar e-post og korleis ein handsamar papirflyt.

Informasjonstryggleik krev ulike tiltak, men for å lukkast er me avhengige av kvar einskild. Alle tilsette må ha ei medviten haldning til å sørgja for at uvedkomande ikkje får kjennskap til konfidensiell informasjon via skjerm, papir eller det me seier.